



Innst. 482 S

(2016–2017)

Innstilling til Stortinget frå kommunal- og forvaltingskomiteen

Prop. 143 S (2016–2017)

Innstilling frå kommunal- og forvaltingskomiteen om Endringar i statsbudsjettet 2017 under Finansdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet 2017 mv.)

Til Stortinget

1. Bakgrunn

1.1 Innleiing

Kommunal- og moderniseringsdepartementet legg i proposisjonen fram følgjande saker: lønsregulering frå 1. mai 2017 for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet mv. og endringar i statsbudsjettet for 2017.

1.2 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet med verknad frå 1. mai 2017 mv.

1.2.1 Lønsforhandlingane mv. per 1. mai 2017

FORHANDLINGANE

Resultatet av hovudtariffoppgjeret i staten våren 2016, som enda med at ein fekk ei hovudtariffavtale i staten for perioden 1. mai 2016 til 30. april 2018 mellom staten v/Kommunal- og moderniseringsdepartementet og hovudsamanslutningane for tenestemenn, LO Stat, Unio og YS Stat, og ei hovudtariffavtale mellom staten v/Kommunal- og moderniseringsdepartementet og hovudsamanslutninga for tenestemenn, Akademikerne, blei godkjend av Stortinget ved behandlinga i Innst. 417 S (2015–2016).

Begge avtalene har reguleringsføresegner for andre avtaleår, noko Stortinget samtykte i ved behandlinga i Innst. 417 S (2015–2016). I reguleringsføresegnene i begge avtalene er det òg fastsett at partane kan forhandle om endringar i lønssystemet i mellomoppgjeret.

Forhandlingane vart innleia 30. mars 2017.

Dei felles forhandlingane heldt fram til 29. april 2017, då høvesvis LO Stat, Unio og YS Stat og Akademikerne aksepterte kravet/tilbodet frå staten.

DEN ØKONOMISKE RAMMA

Begge avtalene har ei ramme som inneber ei årslønsauke på 2,4 prosent for andre avtaleår. Den samla ramma for heile oppgjeret ligg òg innafor ei årslønsauke på 2,4 prosent. Den avtalte økonomiske ramma er på linje med arbeidslivet elles. Samla bruttoutgifter ved lønsreguleringa for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet per 1. mai 2017, er for tidsrommet 1. mai–31. desember 2017 rekna ut til 1 012 mill. kroner.

FORHANDLINGSSTADER

Endringar i forhandlingsstadene for tariffperioden 2016–2018 blir drøfta og fastsett med verknad frå 1. mai 2017 (jf. vedlegg 1, undervedlegg 3 i proposisjonen). Forhandlingsstadene er dei same både i vedlegget til avtala med LO Stat, Unio og YS Stat, og i vedlegget til avtala med Akademikerne.

1.2.2 Nærare om avtala med LO Stat, Unio og YS Stat og avtala med Akademikerne

ØKONOMISK PROFIL I AVTALA MED LO STAT, UNIO OG YS STAT

Med verknad frå 1. mai 2017 er det gjeve eit likt prosenttillegg på lønstabellen svarande til 0,33 pro-

sent. Med verknad frå 1. juli 2017 skal det først lokale forhandlingar innafør ei økonomisk ramme på 0,8 prosent per dato av lønsmassen.

ØKONOMISK PROFIL I AVTALA MED AKADEMIKERNE

I avtala med Akademikerne er heile den økonomiske ramma avsett til lokale forhandlingar. Med verknad frå 1. oktober 2017 skal det først lokale forhandlingar innafør ei økonomisk ramme på 0,85 prosent per dato av lønsmassen. Avtala med Akademikerne inneheld ikkje lenger ein lønstabell.

ANDRE ENDRINGAR I HOVUDTARIFFAVTALENE

Det er gjort einskilde mindre justeringar i dei to hovudtariffavtalene. Løns- og arbeidsvilkår elles i hovudtariffavtalene blir i hovudsak vidareført, og sosiale føresegn er like i avtala med LO Stat, Unio og YS Stat, og i avtala med Akademikerne.

ANNA

For staten har det vore viktig å fortsette arbeidet med å modernisere løns- og forhandlingssystemet i oppgjeret i år. Staten har lagt stor vekt på å kome fram til løysingar som gjer hovudtariffavtala meir fleksibel og gjev dei lokale partane større handlefri- dom. Det gjeld òg bruken av den disponible økonomiske ramma, der det har vore eit mål å auke andelen som blir avset til lokale forhandlingar. Dette er mellom anna i tråd med dei ønska som har kome frå det nyoppretta Arbeidsgivarrådet i staten.

I avtala med LO Stat, Unio og YS Stat er 65 prosent av den disponible økonomiske ramma avset til lokale forhandlingar. I avtala med Akademikerne er heile den disponible økonomiske ramma avset til lokale forhandlingar.

Begge avtalene inneber mellom anna at partane på dei einskilde verksemdene får råderett over heile avsettinga til lokale forhandlingar. Partane kan såleis sjølv avtale målretta tiltak for heile verksemda i tråd med den fastlagde lønspolitikken, men det er òg høve til å delegere fordelinga av avsettinga heilt eller delvis til forhandlingar mellom partar på driftseining.

Vidare er det både i avtala med LO Stat, Unio og YS Stat og i avtala med Akademikerne fastsett kvart sitt mandat for å fortsette arbeidet med å vidareutvikle løns- og forhandlingssystemet fram mot hovudoppgjeret 2018. Det er ikkje store skilnader mellom dei to mandata. I begge mandata er økt lokal handlefri- dom eit sentralt moment, slik at dei statlege verksemdene kan rekruttere, utvikle og behalde kompetente tilsette.

Partane er samde om å leggje dei to rapportane som ble utarbeid på grunnlag av mandata som ble fastsett våren 2016, til grunn for det vidare moderniseringsarbeidet. Partane er òg samde om at resultatet

av det arbeidet som skal gjerast no, skal nyttast ved forhandlingane om lønnsoppgjeret våren 2018.

1.2.3 Lønsregulering mv. for dei embets- og tenestemenn som ikkje blir dekte av hovudtariffavtala

Kommunal- og moderniseringsdepartementet føreset i proposisjonen at lønsreguleringa frå 1. mai 2017 mv. blir gjort gjeldande for alle embets- og tenestemenn, også dei som ikkje blir dekte av hovudtariffavtalene.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet ber i proposisjonen om fullmakt til å gjere avtalene mellom staten og LO Stat, Unio og YS Stat, gjeldande for arbeidstakarar som ikkje er medlem av organisasjonar med forhandlingsrett – og som difor ikkje direkte blir omfatta av dei avtaler som er inngått.

Embets- og tenestemenn i stillingar som er tekne ut av hovudtariffavtalane, får sine løns- og arbeidsvilkår administrativt fastsett i kontrakt.

1.3 Endringar på statsbudsjettet for 2017

Kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Samla bruttoutgifter ved lønsreguleringa for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet per 1. mai 2017, er for tidsrommet 1. mai–31. desember 2017 rekna ut til 1 012 mill. kroner.

Overslaget omfattar alle tilsette som går inn under hovudtariffavtalane i staten. Meirutgifter som følgje av auka satsar for overtid og arbeidsgivaravgift, er medrekna. Vidare er meirutgifter til pensjonspremiebetaling medrekna, jf. innføringa av ein forenkla modell for pensjonspremiebetaling for statlege verksemder omtalt i avsnitt 8.3 i Prop. 1 S (2016–2017) (Gul bok).

Meirutgifter i samband med lønsreguleringane for forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og forvaltningsbedrifter, blir dekte innafør budsjetta til verksemdene.

Verksemdar med arbeidstakarar som får løn administrativt fastsett i kontrakt, må sjølv dekke meirutgifta av lønsregulering innafør eksisterande budsjett.

Det går fram av proposisjonen at etter fråtrekk av det ovanfor nemnde er meirutgiftene rekna til 759 mill. kroner. Etter vanleg praksis blir slike meirutgifter dekte ved at det blir ført opp løyving under kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet, post 1 Driftsutgifter, som Finansdepartementet får fullmakt til å fordele.

Kap. 502 Lønsoppgjøret i staten – tariffavtalte avsettingar

POST 71 TILSKOT TIL MIDLAR TIL OPPLÆRING OG UTVIKLING AV TILLITSVALDE (OU-MIDLAR)

Departementet foreslår i proposisjonen at tilskotet blir auka med om lag 4,4 mill. kroner.

Kap. 2309 Tilfeldige utgifter

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Det går fram av proposisjonen at det er avsett midlar til dekning av meirutgiftene ved lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet mv. Løyvinga under kap. 2309 Tilfeldige utgifter vil bli redusert i samband med proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet 2017 til hausten.

2. Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Jan Bøhler, Stine Renate Håheim, Stein Erik Lauvås, Helga Pedersen og Eirin Sund, frå Høgre, Frode Helgerud, Frank J. Jenssen, Bjørn Lødemel og Ingjerd Schou, frå Framstegspartiet, Mazyar Keshvari og leiaren Helge André Njåstad, frå Kristeleg Folkeparti, Geir Sigbjørn Toskedal, frå Senterpartiet, Heidi Greni, frå Venstre, André N. Skjelstad, og frå Sosialistisk Venstreparti, Karin Andersen, viser til Prop. 143 S (2016–2017).

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti og Venstre, har ingen merknader og slutter seg til proposisjonen.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk

Venstreparti viser til sine merknader i Innst. 417 S (2015–2016).

Disse medlemmer viser til at fjorårets hovedtariffoppgjør i staten resulterte i to ulike hovedtariffavtaler. En avtale mellom staten og LO Stat, Unio og YS Stat og en avtale mellom staten og Akademikerne. To ulike tariffavtaler har komplisert gjennomføringen av lokale lønnsforhandlinger og ført til økt ressursbruk, og har ikke bidratt til regjeringens mål om å «fornye, forenkle og forbedre».

Disse medlemmer var i fjor kritiske til at staten inngikk to ulike tariffavtaler og påpekte at det ikke var signalisert til Stortinget at man ønsket store omlegginger av lønns- og forhandlingssystemet i staten. Disse medlemmer signaliserte at hovedtariffoppgjøret i staten i 2016 måtte bli et unntak og at målsettingen i 2018 må være likelydende tariffavtaler for alle statlige arbeidstakere. Resultatet av årets tariffoppgjør i staten er at man nå har enda større ulikhet mellom de to avtalene, og dette er disse medlemmer kritiske til.

Disse medlemmer mener at Stortinget burde forelegges en utredning om hvilke konsekvenser det har for streikeretten når mer av lønnsdannelsen blir flyttet fra sentral- til lokalplanet.

Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremma av ein samla komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2017 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
2315	1	Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet Driftsutgifter, vert løyvd med ...	759 000 000
502	71	Tilskot til midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde (OU-midlar), vert uka med ... frå kr 181 000 000 til kr 185 400 000	4 400 000

II

Stortinget samtykkjer i at det med verknad frå 1. mai 2017 blir gjort regulering av lønene mv. for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet som er medlemmer av LO Stat, Unio og YS Stat i samsvar med forhandlingsforslaget i vedlegg 1, undervedlegg 1.

III

Stortinget samtykkjer i at det med verknad frå 1. mai 2017 blir gjort regulering av lønene mv. for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet som er medlemmer av Akademikerne i samsvar med forhandlingsforslaget i vedlegg 1, undervedlegg 2.

IV

Før embets- og tenestemenn som ikkje er medlem av organisasjonar som nemnde i romartal II og III, og difor ikkje får sine løns- og arbeidsvilkår fastsett i hovudtariffavtale, skal same løns- og arbeidsvilkår som etter romartal II gjelde. Embets- og tenestemenn som er tekne ut av hovudtariffavtalen, får sine løns- og arbeidsvilkår fastsette administrativt i eigen kontrakt.

V

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet får fullmakt til å fordele løyvinga under kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet, post 1 Driftsutgifter, på dei postane på statsbudsjettet som har lønsløyving.

Oslo, i kommunal- og forvaltingskomiteen, den 13. juni 2017

Helge André Njåstad

leiar og ordførar

